

## Søknad – Byregion Fase 2

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0048	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Utviklingsprogrammet for byregioner fase 2 (2015-2017)			
<b>Prosjektnavn</b>	Attraktiv nærings- og kompetansestruktur			

### Kort beskrivelse

Vest-Telemark har under utvikling sterke næringshagemiljø i sentrumsområda til alle tilknytte kommunar. Gjennom utvikling av samspelet mellom næringshagar, næringsliv, kommunar og regionen skal prosjektet bidra til ei kopling mellom regionens omland og sentrumsstruktur. Ein fleirkjerna struktur av tverrfaglege kompetansemiljø over 100 arbeidsplassar i kvar kommune (100 + miljø), vil gjere regionen meir attraktiv, sikre busetting i heile regionen samt skape grunnlag for offentleg/privat samarbeid

### Prosjektbeskrivelse

Samfunnsanalyse for Vest-Telemark tydeleggjer manglande samspel mellom kommunane, låg bustadsattraktivitet samt få nyetableringar som dei primære flaskehalsane for utvikling i regionen. Prosjektet skal møte desse utfordringane ved å bidra til utvikling av ein robust fleirkjernestruktur i Vest-Telemark med utgangspunkt i framveksten av regionens næringshagar i tilknytt kommunar. Samspelet mellom næringshagar, næringsliv, kommunar og region står sentralt i utviklinga mellom omland og sentrumsstruktur. Stadsutviklinga skal basere seg på framvekst av regionale kompetansesentrum som sikrar utvikling av attraktive arbeidsplassar, lønsam næringsutvikling og utvikling av spisskompetanse på viktige fagfelt. Det vil bygge ned barrierar mellom sentrum og omland og auke økonomisk samspel for lokal og regional vekst. Det er eit klart mål å sikre ein balanse mellom samlokalisering av eksisterande næringsliv/verksemder i næringshagemiljø og nyetablering. Primærmålet er å skape vekst i eksisterande og nye verksemder gjennom utvikling av stimulerande fellesmiljø.

**Deltatt i fase 1 av Utviklingsprogrammet for byregioner:** Nei

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Tokke kommune Org.nr:964964521	3880 Dalen 3880 DALEN	488 67 026
<b>Kontakt- person</b>	Gunhild Austjord	Tokke kommune 3880 DALEN	488 67 026
<b>Prosjekt- leder</b>	Ole Dalen	Kviteseidgata 18 3850 KVITSEID	41423433

### Geografi

828-Seljord, 829-Kviteseid, 830-Nissedal, 831-Fyresdal, 833-Tokke, 834-Vinje

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Prosjektet (hovuedprosjekt) byggjer opp under ei rekke samanfallande satsingar på utvikling av nærings- og kompetansemiljø i heile Vest-Telemarkregionen som er eit arelrikt område med sprett busetting.

Samfunnsanalyse for Vest-Telemark tydeleggjer manglande samspel mellom kommunane, låg bustadsattraktivitet samt få nyetableringar som dei primære flaskehalsane for utvikling i regionen. Prosjektet skal møte desse utfordringane ved å bidra til utvikling av ein robust fleirkjernestruktur i Vest-Telemark med utgangspunkt i framveksten av regionens næringshagar i tilknytta kommunar. Samspelet mellom næringshagar, næringsliv, kommunar og region står sentralt i utviklinga mellom omland og sentrumsstruktur. Stadsutviklinga skal basere seg på framvekst av regionale kompetansesentrum som sikrar utvikling av attraktive arbeidsplassar, lønsam næringsutvikling og utvikling av spisskompetanse på viktige fagfelt. Det vil bygge ned barrierar mellom sentrum og omland og auke økonomisk samspel for lokal og regional vekst. Det er eit klart mål å sikre ein balanse mellom samlokalisering av eksisterande næringsliv/verksemder i næringshagemiljø og nyetablering. Primærmålet er å skape vekst i eksisterande og nye verksemder gjennom utvikling av stimulerande fellesmiljø.

Prosjektet vil sikre at ein får jobbe med felles fokus med desse utfordringane.

### **Prosjekt mål**

- Utvikle sterke regionale "motorar" i alle regionens kommunesentra som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakerar og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv og næringskjeder.
- Utvikling av solid kompetansemiljø som kan representere spisskompetanse på respektive fagfelt til beste for heile regionen for å auke det økonomiske samspelet mellom næringsmiljøa.
- Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i skjeringspunktet mellom lokale næringshagar og kommunal samfunnsutvikling og tenester.
- Auke regionens bustadsattraktivitet gjennom erfaringsutveksling der ein koplpar ein attraktiv arbeidsmarknad med varierte bumiljø i heile regionen.

### **Forankring**

Kommunane som deltek er:

Vinje, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Tokke og Fyresdal. Alle kommunane har delteke i søknadsprosessen, og vil ha klart politiske vedtak i løpet av mai 2015.

Regionrådet beståande av ordførarane og rådmennene i alle kommunane (Vest-Telemarkrådet) har einstemmig gått inn for prosjektet, og vedtak i formannskap er planlagt handsama slik:

Nissedal 16. april

Kviteseid 28. mai

Vinje 28. mai

Fyresdal 5. mai

Seljord 7. mai

Tokke 13. mai

Vedtaket og saken vil ettersendes.

Øvrigt har Næringssekskap, næringshageselskapa, Næringsforum og Vest-Telemark Næringshage (SIVA) vore involvert i planlegginga, og ynskjer prosjektet gjennomført som planlagt.

### **Prosjektorganisering**

Prosjektet er organisert etter PLP-modellen slik:

Prosjekteigar (PE): Vest-Telemark Rådet v/ regionsordførar Jon Svartdal

Søkarkommune/prosjektansvarleg (PA): Tokke kommune, v/ plan og næringsseksjef Gunhild Austjord

Prosjektleiari (PL): Ole Dalen, Utviklingsseksjef Vest Telemark Rådet.

Prosjektgruppe:

Gunhild Austjord, Plan og næringsseksjef, Tokke kommune

Frid E. Berge, Kommunalseksjef plan, utvikling og tekniske tenester, Seljord kommune

Elisabeth Lid, Næringsseksjef, Kviteseid kommune

Gry Åsne Wienenga, Plan- og økonomisseksjef, Vinje Kommune

Kari Olstad, Næringsseksjef, Nissedal Kommune.

Edvard Nesland, Næringsseksjef Fyresdal Kommune

Vest-Telemark Næringsutvikling

Vest-Telemark Rådet

Vest-Telemark Næringsforum

Vest-Telemark Næringshage

Ressursgruppe Næringshagar:

Representantar frå næringshagane i regionen (Daglig leiari eller styreleiari)

### **Samarbeidspartnere**

Vest-Telemark Rådet (vedtak 24. April 2015)

Tokke kommune (med atterhald om politisk vedtak i løpet av mai/juni 2015)

Vinje Kommune (med atterhald om politisk vedtak i løpet av mai/juni 2015)

Seljord kommune (med atterhald om politisk vedtak i løpet av mai/juni 2015)

Fyresdal kommune (med atterhald om politisk vedtak i løpet av mai/juni 2015)

Kviteseid kommune (med atterhald om politisk vedtak i løpet av mai/juni 2015)

Nissedal kommune (med atterhald om politisk vedtak i løpet av mai/juni 2015)

Vest-Telemark Næringsforum (med atterhald om vedtak 7. Mai 2015)

Aktuelle ressursmiljø som vil bli invitert i prosjektet:

SIVA

HiT – Høgskulen i Telemark

AiR – Attføringscenteret i Rauland

LO/NHO - Telemark

NAV - Regionalt

Dyrsku'n - Seljord

VTM – Vest-Telemark Museum

Vest-Telemark Ressurscenter – Vest Telemark Vidaregåande skule

Telemark Fylkeskommune

Innovasjon Norge

Regionale næringsorganisasjoner (landbruk, skog, offshore etc)

### **Aktiviteter**

5.1 Arbeidspakke 1: Bidra til etablering av næringshagar i alle Vest-Telemark kommunane.

Arbeidet skjer i regi av dei einskilde kommunane med bistand frå regionalt utviklingsapparat. Kommunanes arbeid med denne satsinga integrerast i prosjektet.

Vest-Telemark Næringsutvikling og Vest-Telemark Næringsbygg har ei sentral fagleg og finansiell rolle i etableringsarbeidet og trekkast tett inn. Modellen ein bygger på i Vest-Telemark som førebels er rulla ut i Fyresdal og i Kviteseid med tilknytning til SIVA, har overføringsverdi også til andre regionar.

Milepæl: Kommunevis

1. Klargjering av forstudie næringshagar
2. Beslutning om etablering
3. Ferdigstillelse av trinn 1 eller 2 av næringshagar i kvar kommune.

Tidsplan: Løpande gjennom prosjektperioden frå 1. September 2015 – 31. August 2018.

Budsjettramme koordinering, utgreiing og leiing: 3 mill NOK over 3 år fordelt på kommunane.  
Avhengig av løpande kommunale vedtak.

Finansiering. Næringshagar og kommune.

5.2 Arbeidspakke 2: Etablere og utvikle ein effektiv samspillsarena mellom næringshagemiljøa i Vest-Telemark, for å auke økonomisk samspel og kompetanseutvikling.

Gjennomføre full aktørgjennomgang og etablering av nettverk. Delprosjektet skal ha skal ha særleg fokus på kopling mellom næringshagane og mellom privat og offentleg sektor. Ein vil ta utgangspunkt i eksisterande næringsstruktur både i og utanfor etablerte og planlagde næringshagar. Særleg fokus på samvirket mellom næringshaganes leiing og leiande verksemdar.

Arbeidet i delprosjektet vil skape grunnlag for ein sterk samarbeidsstruktur som er avgjerande for vidare utvikling av samarbeid og delingsstrukturar for sterke attraktive næringsmiljø og kjeder. Arbeidet skal skje i tett samarbeid med etablerte næringshagar der Vest-Telemark Næringshage som SIVA næringshage har ein spesiell funksjon knytt til formidling av SIVA tjenester.

Deltaking i nettverkssamarbeidet i Byregionsprogrammet.

Delprosjektgruppe : Dagleg leiar/styre i lokale næringshagar. Vest-Telemark Næringshage. VTNU/VTNF. Etablerarkontoret.

Milepæl:

1. Klargjere plan for kartlegging
2. Kartlegging og analyse gjennomført
3. Plan for utvikling av fellesfunksjonar og felles ressursbruk klar
4. Samarbeidsforum for næringshagane i Vest-Telemark etablert.

Tidsplan:

Planfase 2015.

Aktørkartlegging : Jan-juni 2016.

Etablering samarbeidsforum: juni 2016

Samarbeidsforum operativt med utviklingsoppdrag og møteplassutvikling løpande gjennom prosjektperioden frå medio 2016 ut august 2018. Mål om permanent funksjon.

Aktuelt med tematiske nettverk for næringsutvikling/samspel i og ut av regionen.

Kostnad: Fasilitering/utvikling/rekruttering 600.000 (2015/2016)

Deltaking, drift møteplass: 350.000 per år i 2016, 2017 og 2018 (sum 600.000)

Finansiering: ByR: 650.000

Eigendel deltaking og arbeidstid: 650.000

5.3 Arbeidspakke 3: Klargjere det enkelte næringshagemiljø's komparative fortrinn – spesialitetar og særtrekk.

Gjennomføre analyse og etablere strategi for vekst. Utredningsarbeid og kartlegging. Delprosjektet skal kome fram med ein forankra og langsiktig strategi der ein identifiserar komparative fortrinn i dei ulike næringshagemiljøa, klargjer vilje og evne til spesialisering og eventuell fordeling. Utgreiinga skal også avdekke eventuelle manglar for ein heilskapleg kompetansestruktur gjennom komplementær analyse for næring i og mellom bygdane og omland.

Delprosjektgruppe. Næringskollegiet i Vest Telemark. Næringslivet i regionen. Vest-Telemark Næringshage.

Milepæl:

1. Klargjere plan for kartlegging
2. Kartlegging og analyse gjennomført.
3. Plan for utvikling av lokale og regionale fortrinn og særleg sterke kompetansemiljø klar.

Framdriftsplan: Gjennomførast i perioden januar – desember 2016. Implementering 1. Halvår 2017.

Kostnad: Ekstern bistand: 300.000

Utgreiingsarbeid eget: 400.000

Forankring/møteverksemd: 400.000

Implementering: 200.000

Finansiering: ByR: 800.000

Eigendel: 500.000,- (i form av deltaking i prosess og eigen utgreiingskapasitet)

5.4 Arbeidspakke 4: Styrking av regionens bustadsattraktivitet gjennom fokus på bukvalitet, behov og utviklingspotensiale i samspill mellom sentrum og omland

Utvikling av ein fleirkjernestruktur og 100+ arbeidsmiljø vil kreve omstilling og utvikling av boligstrukturen i dei einskilde kommunane. I enkelte sentrumsområde kan ein kome i ein pressituasjon, medan ein skal ha eit bevisst forhold til eventuelle ringverknader for grendemiljø utanfor sentrumsstrukturane.

Seljord har vore pilot i KMD si satsing på bustadsetablering i distrikta. Kunnskap frå dette arbeidet skal formidlast til resten av regionen.

Delprosjektet skal bidra til utvikling av stadeigne bukkvalitetar samt avdekke eventuelle manglar og potensial for vidare utvikling. Arbeidet forutset ei sterk kopling mot kommunale planprosessar. Ein legg særleg vekt på erfaringsutveksling samt utvikling av analysegrunnlag for ein bustadstrategisk plan.

Delprosjektgruppe: Plan og næringsansvarlege i kommunane.

Milepæl:

1. Erfaringsutveksling gjennomført
2. Etablere analysegrunnlag for bustadstrategisk plan.

Framdriftsplan: Oppstart medio 2016 – ut prosjektperiode august 2018.

Kostnad: Utgreiing ekstern 200.000

Eige utviklingsarbeid 200.000

Implementering 200.000

Finansiering: ByR 300.000

Eigendel: 300.000

#### 5.5 Arbeidspakke 5: Etablere Vest-Telemark utviklingsarena

For å auke økonomisk samspill og kompetanseutvikling mellom innovative utviklingsmiljø både i og utanfor regionen, ønskjer prosjektet å vidareutvikle ein større "delingsarena". Målet er å få til ein dynamisk utviklingsarena der miljøa saman med offentleg sektor kan presentere planar, behov og tilby kompetanse. Ut frå utvikling av spesialiserte fagmiljø kan ein utvikle ein "marknads plass" som kan bidra til vekst og utvikling mellom næringshagemiljøa, men også vere eit utstillingsvindaug for øvrig næringsliv.

VT Utviklingsarena vil også vere ein sentral plass for formidling av kompetanse om trendar, marknad, utviklingsmoglegheitar og kunnskap om andre samarbeidsregionar. Mogleg å tenke arena i fleire nivå avhengig av spesialisering.

Vest-Telemark utviklingsarena vil vere ein brubyggjar mot befolkning og skape ein kunnskapsbase for tilflytting/pendling og stadsutvikling.

Regionen har i dag allereie ein velfungerande arena i Vest-Telemark Konferansen som vert arrangert årleg saman med Yrkesmessa ved Vest-Telemark Vidaregåande skule. Det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i denne arenaen for vidare utvikling.

Arbeidsoppgåvene vil i hovudsak vere fasilitering og utvikling av møteplass og nettverksutvikling. Arenaen skal vere bredt samansett av næringsliv, off. forvaltning, næringshagar, utviklingsaktørar, finansielle miljø etc.

Delprosjektgruppe: Vest-Telemark Ressurssenter/VT Konferansen. VT Rådet. Vest Telemark Næringsforum.

Milepæl:

1. Plan for nettverksform og faginnhald ferdigstilt.
2. Gjennomføring av nettverkssamling 1-6 (2 per år i prosjektperioden).

Framdriftsplan:

Fyrste samling februar 2016. Løpande årlege og halvårlege samlingar. Tematisk.

Kostnader:

Fasilitering: 400.000

Ekstern kompetanse – faginnhald: 300.000

Møtekostnader: 400.000

Finansiering:

ByR: 600.000

Eigendel Møtedeltaking: 300.000

Eigendel utgreiing/fasilitering: 200.000

5.6 Arbeidspakke 6. Utvikling av offentlig forvaltning og privat samarbeide i nettverk.

(sjå vedlagt prosjetplan - ikkje nok plass)

### **Målgrupper**

Målgruppa for prosjektet vil vere store delar av befolkning og næringsliv i regionen. Prosjektet vurderar direkte og indirekte effektar ut frå målsetting. Tilknytt verksemder og den einskilde næringshage vil vere direkte påverka. Indirekte vil heile befolkninga i regionen vere målgruppe i form av utvikling av robuste, attraktive og framtidretta kompetansmiljø som inneber attraktive arbeidsplassar lokalt.

### **Resultat**

Dersom ein lykkast med gjennomføringa av prosjektet vil ein oppnå ein dynamisk, innovativ og framtidretta nærings- og kunnskapstruktur i regionen som underbygger strategien om ein fleirkjerna struktur. Resultatet vil gjere regionen og den einskilde kommunen i regionen meir robust i høve til nye oppgåver og aukande kompetansekrav. Prosjektet vil legge grunnlag for vekst og utvikling av attraktive arbeidsplassar, attraktive lokale miljø som kan sikre busetting i heile regionen samt moglegheit for vekst og utvikling av regionens næringsliv. Det er avgjerande at utviklinga av næringshagemiljøa ikkje bare fører til ei relokalisering av eksisterande næringsliv. Arbeidet skal primært skape grunnlag for vekst og nyetablering ved utvikling av attraktive miljø for eksisterande og nye verksemder.

I sum bør tiltaket kunne bidra til å auke bustadsattraktiviteten, betre samspelet samt bidra til fleire nyetableringar i regionen, som i dag er dei største flaskehalsane for ei meir positiv utvikling.



Prosjektet vil styrke regionens identitet. Vest-Telemark modellen kan vere positiv for å sikre ei berekraftig

### Effekter

Prosjektet vil bidra til å:

- Stabilisere eller auke folketalet
- Styrke eller sikre etablerte arbeidsplassar
- Auka innovasjon og innovasjonsevne
- Auke tilgjengeligheit i og mellom kommunane i regionen.
- Styrke regionale sentra
- Vil gjere området /region og enkeltkommunar) meir attraktivt som buområde.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

#### Kostnadsplan/budsjett

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Totale kostnader	2 500 000	3 000 000	3 000 000	8 500 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>2 500 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>8 500 000</b>

Kostnadsplan er skildra på side 14 i vedlegget "Søknad ByR Vest-Telemark 2015 FINAL"

«Kostnadene skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

#### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Eigendel	1 500 000	2 000 000	2 000 000	5 500 000
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>2 500 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>8 500 000</b>

Finansieringsplan er skildra på side 14 i vedlegget "Søknad ByR Vest-Telemark 2015 FINAL"

«Byregionens egenfinansiering skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

## Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Regional Analyse Vest-Telemark.pdf	1 893 797	30.04.2015
Samfunnsanalyse Vest Telemark ByR 2015 FINAL.docx	9 153 018	30.04.2015
Søknad ByR Vest-Telemark 2015 FINAL.docx	162 674	30.04.2015